



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

3/2010

Oktober • Årgang 17

Heianeprosjekta i gang



Slik vil SIM sitt omlasteanlegg ta seg ut på Heiane på Stord. (Illustrasjon: jk nielsen as.)

SIM er i gang med å byggja miljøsentral og omlasteanlegg på Heiane Vest på Stord.

Førebels er det berre grøfte- og grunnarbeid som pågår på den 50 mål store tomta. Men om ikkje lenge vil arbeidet med miljøsentralen ta til. Den jobben er det Veidekke AS som har fått til ein pris av om lag 20 millionar kroner. SIM reknar med å opna miljøsentralen ved årsskiftet 2011/2012.

Ved sida av miljøsentralen skal det byggjast eit omlasteanlegg for restavfall. Dette er rett og slett

ein hall på 72x35 meter. Inne i hallen skal restavfall lastast om frå SIM sine bosbilar til vogntog, som skal frakta boset vidare til energigjenvinningsanlegg i inn- og utland. Kven som skal byggja omlasteanlegget, er ikkje avgjort.

SIM kjem attende med nærare informasjon om dei to byggjeprojekta.



Rett frå dunken

Betal med kort



Alle SIM sine miljøsentralar har terminal som gjer det mogeleg å betala for avfallsleveringa med bankkort.

Komposten godkjent

Mattilsynet har ingenting å utsetja på SIM si kompostjord, viser rapporten etter årets kontroll. Kontrollen galdt innhaldet i kompostjorda og SIM si produktmerking før sal til kunde.

Fylkesmannen har også vore på kontroll i Svartasmoget. Hans folk inspiserte kompostanlegget og gassanlegget. SIM fekk merknad om at gassmålaren måtte utbetrast. Det er gjort.

Operatør Einar Breivik produserer prima vare ved SIM sitt kompostanlegg i Svartasmoget.





Brennbart og ikkje-brennbart

Styresmaktene har bestemt at alt restavfall som kan brennast, skal brennast. Som følgje av dette har SIM måtte endra skiltinga på miljøsentralane. Der du før møtte skiltet «Restavfall», står det no anten «Brennbar rest» eller «Ikkje-brennbar rest».

I konteinaren for «Brennbar rest» skal kastast alt restavfall som har meir enn 10 % organisk innhald, altså det aller meste av restavfallet. Konteinaren for «Ikkje-brennbar rest» er for badekar, doskåler, murstein og anna restavfall som ikkje brenn.



Bestill dunkar i god tid

Skal du flytta i nytt hus? I så fall må du melda frå om dette til SIM i god tid, slik at du har dei bosdunkane du treng frå første dag.

Det kan ta opptil seks veker frå SIM får melding om det, til bosdunkane står i tunet heime hjå deg. Årsaka er at me køyrer ut nye bosdunkar i kvar kommune kvar sjette veke.

Dersom du ikkje kan venta så lenge, kan du henta dunkane sjølv på ein av våre miljøsentralar. I så fall må du melda frå til SIM på førehand, slik at me får gjort dunkane klare.



Dunkane følger eigedomen

Dersom du flyttar eller sel huset, må du ikkje ta bosdunkane med deg. Dunkane følger eigedomen, ikkje eigaren, og er registrert på gards- og bruksnummer i SIM sin kundebase.



Låg oppslutnad om plastinnsamling

SIM samlar inn plast i Fitjar fjerde kvar veke. Her er Jan Hrywka i aksjon på første innsamlingsrunden.

Berre 6 % av SIM sine abonnentar i Fitjar ynskjer å betala for å få henta utsortert plastemballasje heime hos seg.

Det viser SIM sitt prøveprosjekt på innsamling av plastemballasje, som har pågått i Fitjar kommune sidan januar 2010. Målet med prosjektet er å finna ut om abonnentane ynskjer plastsortering, og om dei er viljuge til å betala meirkostnaden med å få platen henta heime hos seg. Vil dei det, kan plastinnsamling bli eit permanent tilbod i alle SIM-kommunane.

Første halvår kunne alle abonnentar i Fitjar levera plast gratis. Dei som vil vera med i andre halvår, må betala eit gebyr på kr 187,50. Berre 73 har sagt at dei vil det, om lag 6 % av abonnentane.

Fem tonn plast i Fitjar

SIM har samla inn plastemballasje i Fitjar kvar fjerde veke sidan januar 2010. I snitt har kvar femte abonnent sett ut sekk kvar gong. Ved utgangen av oktober var det samla inn 5,5 tonn plast. All plastemballasje som vert samla inn i Noreg vert sendt til Tyskland for sortering og gjenvinning. Om lag 65 % av platen vert til nye plastprodukt, resten vert energiutnytta (brent) i samband med sementproduksjon.

Ikkje permanent før i 2012

Plastinnsamling vil tidlegast kunna bli eit permanent tilbod i alle SIM-kommunane ved årsskiftet 2011/2012. Om tilbodet vil bli permanent, er det for tidleg å seia noko om. Erfaringar frå prøvekommunen

– Det er færre enn me hadde rekna med, seier dagleg leiar Terje Gilje i SIM. – Prøveprosjektet vil uansett halda fram ut året og også inn i 2011, men då må me på eit eller anna tidspunkt ta stilling til om tilbodet skal gjerast permanent eller avviklast.

SIM ynskjer å få eit rettast mogeleg bilete av interessa før avgjerda vert teken. Difor er det heller ikkje for seint for abonnentar i prøvekommunen å melda seg på. SIM treng å vita namn på abonnenten og gards- og bruksnummer til eigedommen.

Ei framtidig plastinnsamlings-ordning vil bli friviljug. Det er dei som brukar henne, som må dela på kostnaden. Til færre, til høgare gebyr.

Fitjar viser at ordninga kan bli dyr. Då SIM sette i gang prøveprosjektet, budsjetterte selskapet med eit årsgebyr på 375 kroner per abonnent dersom 25 % av abonnentane var med. Til no har berre 6 % av abonnentane i Fitjar sagt dei vil betala for ordninga.

Kostnadsfri plastlevering

SIM sine abonnentar i Austevoll, Bømlo, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes har inntil vidare tilbod om å levera plastemballasje kostnadsfritt på miljøsentralen. Dei må altså sjølve bringa platen til miljøsentralen. Kontakt SIM og be om å få tilsendt sekker til å samla plast i. Ved å sortera ut plastemballasje kan ein klara seg med mindre restavfallsdunk eller sjeldnare tømning. Dermed kan det vere pengar å spare. Meir om dette på www.sim.as.

Restavfall med båt til Sverige



Lastebåten «Ingvild» fekk plass til 3 800 tonn med innpakka restavfall.

Store mengder med innpakka restavfall er den siste månaden blitt køyrt ut frå Svartasmoget, lasta om bord i båt og frakta til energigjenvinning i Sverige.

SIM har ikkje noko med operasjonen å gjera, den er fullt og heilt Rekom AS sitt ansvar. Rekom AS er meklarfirmaet som våren 2010 vann kontrakten på å frakta restavfall frå SIM-kommunane til energigjenvinning.

Transportjobben har Rekom AS sett bort til lokale transportselskap. Fleire av transportørane held på med å oppgradera utstyret sitt og står i kø for å få levert nye tilhengjarar. Dermed har det ikkje lukkast Rekom AS å skaffa nok vogntog til å køyra bort

restavfallet i same takt som SIM har henta det inn, og ein har måtta improvisera.

Løysinga vart å balla (pakka inn) avfallet og mellomlagra det i Svartasmoget. Det var i denne situasjonen båtløysinga dukka opp.


Rekom AS gjorde avtale med Fitjar Mekaniske Verkstad om å bruka deira kai til lasting. Den første båten gjekk frå Fitjar laurdag 2. oktober med 3 800 tonn restavfall om bord. Målet var Norrkøping i Sverige.

I Svartasmoget ligg det like mykje innpakka restavfall att. Det skal etter planen fraktast bort med ein båt nr 2. Kva tid den kjem, er uvisst. Rekom AS vil først sjå korleis det går med den første båtlasta.

Styresmaktene har bestemt at alt restavfall som kan brennast, skal brennast. Målet er å utnytta energien i boret. Som følgje av dette, vil aktiviteten i Svartasmoget bli kraftig redusert, men avfallsplassen skal ikkje stengjast. Den skal ta imot restavfall som ikkje brenn.

Restavfallet vert balla og mellombels lagra i Svartasmoget.

Auke på miljøsentralane



Gunnar Saxvig er ein av mange som brukar miljøsentralen i Svartasmoget.

Ved utgangen av september hadde SIM hatt 27 295 besøk på sine miljøsentralar. Det var 3 % fleire enn dei ni første månadane i fjor. Dei siste åra har auken vore på 10-11 % frå år til år. Årsaka til at pila ikkje peiker så bratt oppover i år, er todelt: For det første hadde me to svært snørike månader i starten av året som gjorde at mange kvidde seg for å lasta på tilhengjaren og køyra til SIM. Vidare set nok finanskrisa sitt preg på det private forbruket.

Refleks til bosdunkane

Kontakt SIM dersom du ynskjer refleks til å klistra på bosdunkane. Refleksane er meint å motverka trafikkarlege situasjonar på tømestaden i vinterhalvåret.

Forbrenningsavgifta avvikla

Avgifta på sluttbehandling av avfall til forbrenning vart avvikla 1. oktober. Dette betrar konkurransevilkåra for norske forbrenningsanlegg, men løyser ikkje dei fundamentale forskjellane i rammevilkåra mellom norske og svenske forbrenningsanlegg. Fjerning av avgifta reiser også diskusjon rundt konkurransen mellom energitutting og materialgjenvinning av avfall.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



Ekstra tømmerute for tette slamtankar

SIM har oppretta eit nytt tilbod for eigarar av mini-reinseanlegg og tette slamtankar (tank utan utløp). Tilbodet inneber at det vert fast tømning av anlegget/slamtanken éin gong i året.

– Dette vil vera eit godt tilbod til hus- og hytteeigarar som har tett slamtank, og som opplever at tanken går full før den



Rådgjevar
Arild Vik i SIM.

lovpålagde tømmerunden, seier rådgjevar Arild Vik i SIM.

Etter lova skal slamtankar for hus tømst annakvart år og hytter fjerdekvart. Mange eigarar av tette slamtankar opplever at dette ikkje er ofte nok. Tanken, som ikkje har noko utløp, går full før den ordinære tømmerunden og eigaren må tinga ekstratømming.

Dette slepp dei som melder seg på den nye tømmeruta.

Interesserte kan kontakta Arild Vik for nærare informasjon; anten på arild@sim.as eller tlf. 53 45 78 50.



SIM tømmer slamtankar for hus annakvart år og hytter fjerdekvart. Eigarar av tette tankar som opplever at dette ikkje er ofte nok, kan nytta seg av den nye tømmeruta.



Hugseregul for glas- og metallemballasje

For å kunna kasta glas- og metallemballasje i SIM sine returpunkt for slikt avfall, må det ha vore anten *mat* eller *drikke* på emballasjen. Syltetøyglas og vinflasker kan gå i konteinarane, men ikkje lypærar og vindaugsglas. Likeeins kan leverpostei- og makrellboksar kastast inn, men ikkje målingsspann.

Peisglas, eldfaste former, keramikk, porselen, krystall og speglar skal IKKJE i returpunkta. Dei har høgre smeltepunkt enn glasemballasje og øydelegg råvara dersom dei hamnar i returpunkta.

Opningstider miljøsentralane 2010

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt. Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

Kvinnerad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



SIM

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as